



Heildagsprøver - reglar og rettleing

1. Kvar elev tar straks den plassen han/ho blir vist til. Eleven må ikkje forlate denne plassen utan løyve.
2. Elevane får normalt 5 klokkeimar til å utarbeide svara + eit kvarter til å ordne papira.
3. Det må vere heilt stilt og roleg i rommet under arbeidet med oppgåvene. Ingen elev må på nokon som helst måte ta kontakt med andre elevar. Er det naudsynt, skal eleven ta kontakt med ein av vaktene. Elevar som på ein eller annan ureglementert måte prøver å få kontakt med eller tiltrekker seg merksemd frå andre, skal tilsnakkast. Ved gjentak skal dei visast bort frå prøva.
4. Elevar som fuskar, prøver å fuske, hjelper andre elevar med å fuske eller på annan måte ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld, blir utan vidare bortviste frå prøva. Før prøva tar til, må elevane sjølve kontrollere at dei ikkje av vanvare har tatt med seg noko ulovleg hjelpemiddel.
5. Elevane får på førehand vite med faglærarane kva for hjelpemiddel dei kan ta med til prøva. Faglærar sørger for at eit eksemplar av hjelpemiddellista er tilgjengeleg i prøverommet.
6. Alle elevane må sørge for at dei har med nødvendige ordbøker, skrivesaker, kalkulatorar og andre tillatne hjelpemiddel. Ingen får låne av andre elevar eller av skulen under prøva. Det er ikkje lovleg å ha med mobiltelefon til prøva.
7. Elevane får ikkje ta med inn i prøvelokalet vesker, utekle eller andre gjenstandar som ikkje skal nyttast under prøva.
8. Elevane skal få utdelt alt papir dei treng til prøva. Kladdepapiret skal vere stempla av skulen. Ved innlevering skal kladdepapira vere heile, og kladde- og innføringspapir skal leverast inn kvar for seg. Vakta som tar imot svaret, må kontrollere at elevane leverer inn like mykje papir som dei har fått utlevert.
9. Det skal førast vaktprotokoll med oversikt over:
 - a. kva eleven har fått utlevert av papir
 - b. kor mange gongar eleven går ut
 - c. ureglementerte forhold og eventuelt tilsnakk/straffetiltak
10. Elevane har høve til å gå ut 3 gongar i løpet av prøva og han/ho kan vere ute i 5 minutt i slengen. I tillegg kan elevane gå ut på toalettbesøk eller for å snyte seg, når dei vil. Det er berre tillate å opphalde seg i gangen/hallen eller på austsida av skulen. Det er ikkje lovleg å gå opp i hovudetasje, opp på skuleplasse eller på nokon måte ta kontakt med andre elevar.
11. Oppgavesvara må førast inn med blå eller svart penn. Berre konstruksjonar/teikningar i matematikk kan førast med blyant. Forklaringar og utrekningar skal førast med penn.
12. Kl. 1200 kan dei som er ferdige levere og forlate lokalet. Elevar som har levert, men som ønskjer å vere att på skulen, må opphalde seg på klassa sitt klasserom. Ordensreglementet gjeld. Når ein elev er ferdig og vil levere, gir han/ho teikn til vakta. Elevane får gå til vaktbordet ein og ein for å levere svara. Vakta kontrollerer svara og seier frå når eleven kan gå. Alle kladdeark skal leverast inn. Kladdearka skal vanlegvis ikkje følgje med oppgavesvara, men dersom sjukdom eller annan rimeleg grunn har hindra eleven i arbeidet, kan kladden leggjast ved.
13. Første vaktlærarpar skal møte opp i tentamenslokalet kl. 0835. Vaktene bør av og til ta seg ein runde i lokalet.
14. Elevar som har fått lov til å bruke datamaskin under prøva, må rette seg etter dei opplysningane han/ho har fått frå faglærar. Dei kan få utskrifter av prøven når dei vil, USB-minne vil liggje i prøvelokalet.
15. I dei tilfella elevane må på datarommet for å løyse oppgåver, blir elevane fordelt på grupper. Det blir utarbeidd ei liste over når kvar enkelt elev skal på datarommet. Ei datavakt kjem ned og hentar elevane og vil også følgje dei ned att etterpå.
16. Datamaskinene på datarommet vil under ei heildagsprøve bli ordna slik at berre dei programma de treng vil vere tilgjengelege.
17. Kontaktlærar er ansvarleg for å informere elevane om reglane. Faglærar informerer vaktene om eventuelle særordningar og/eller avvik frå reglane.